

Sunn Møring ...

Nr. 5 - 2009

Laboratorium for medisinsk biokjemi i Ålesund

Tildelt akkreditering

sjå side 4



Jorunn Aandal
- eit utemenneske

s. 8



Nytt prosjekt
- Riktig legemiddelbruk

s. 10



Konferanse i Volda
- pårørende som ressurs

s. 12

Siste månaden har det vore to store og viktige hendingar; byggjestart av den nye barneavdelinga og offisiell opning av MR i Volda.

Endeleg er vi i gong med å byggje ny barneavdeling - etter nærare 20 års kamp for å få dette på plass. Barneavdelinga vil få ei flott plassering på sjukehusområdet vårt i Ålesund med nydeleg utsikt over Sunnmørsalpane. Dette fortener barn og pårørande i vanskelege fasar i livet der sjukehuskontakt er nødvendig.

Eg ber om stor forståing for at vi i ein periode framover vil få store problem med å oppfylle ønskje om parkeringsplassar til alle. I utgangspunktet har vi mange parkeringsplassar ved Ålesund sjukehus. Dessverre er ikkje det kollektive tilbodet godt nok utbygd og det har derfor vore nødvendig med mange plassar. Eg vil på det sterkaste oppmode tilsette om å gå/sykle til jobben for dei som har høve til dette i denne vanskelege perioden. Denne perioden vil vare først og fremst i ca ein måned framover, men talet på parkeringsplassar vil ikkje kome opp i same tal som før byggjestart, før bygget står ferdig ved årsskiftet 2010/2011.

Offisiell opning av MR i Volda var også ein viktig milepæl for oss å nå. MR har stått på ønskelista ved Volda sjukehus sidan starten av reforma. No er han altså på plass, og heile fagmiljøet er svært nøgde med dette.

Det er spanande tider vi går i møte dei nærmaste månadane. Vi får ny helseminister innan kort tid, samhandlingsreforma skal opp til realitetsbehandling i Stortinget, statsbudsjettet er lagt fram, men konsekvensane for våre egne budsjetttrammer veit vi framleis ikkje så mykje om. I tillegg skal vi vedta og iverksetje ny organisasjonsmodell for føretaket. Alle desse punkta handlar om omstilling og endring frå slik vi har det i dag. Dette er krevjande for oss alle. Utfordringar veks vi på og må derfor ha som utgangspunkt at dei krava vi blir stilt overfor gir oss nye mulegheiter som vi bør gripe med entusiasme. Eg ønskjer alle lukke til framover!

Med vennleg helsing
Astrid J. Eidsvik



Framsida:
Laboratorium for medisinsk biokjemi i Ålesund blei nyleg akkreditert av organisasjonen Norsk Akkreditering. Seksjonsleiarane Rigmor Søvik, Astrid Lied og Siw Berbu har vore viktige drivkrefter i arbeidet for å oppfylle akkrediteringskrava.

Snur opp forskinga

Kvifor har det gått så bra? Dette var innfallsvinkelen då Audun Kopperstad undersøkte arbeidsmiljø og arbeidshelse hos kvinnelege sjukepleiarar som har stått lenge i tenesta.

- Mitt viktigaste funn var at faktorar som gjer at dei tilsette held ut i arbeidslivet, ikkje handlar om helse, lønn eller kortare arbeidstid. Mening og sjølvrealisering var mykje viktigare, seier Kopperstad, som er koordinator på avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering i Helse Sunnmøre.

Truande eldrebølge

I Norge er det i dag over 340 000 uføretrykta personar. Studien til Kopperstad er høgaktuell med tanke på at det er flest uføre i helse- og sosialsektoren. Den såkalla eldrebølga gjer at sektoren dei neste 50 åra vil ha bruk for fleire tusen nye årsverk årleg for å oppretthalde same nivået som i dag. I eit slikt perspektiv er både rekruttering og det å halde på arbeidskraft svært viktig.

- Innfallsvinkelen til studien var at eg fatta interesse for eit teoretisk perspektiv som omhandlar kvifor det går bra med så mange arbeidstakarar trass i mange krav og utfordringar, seier Kopperstad. Så vidt han veit, har det ikkje vore forska på dette i Helse Sunnmøre tidlegare.

Då Kopperstad starta studien, tok han utgangspunkt i alle tilsette i Helse Sunnmøre fødde før 1950. Av føretaket sine 2300 tilsette gjaldt dette 515 personar, eit interessant funn i seg sjølv. Frå denne gruppa blei han til slutt sitjande igjen med eit utval på 11 kvinnelege sjukepleiarar. Gruppa hadde i snitt 35 år med arbeidserfaring, derav dei siste 21 åra i 100 % stilling.
- Det var fantastisk å høyre historiene deira. Aldri før hadde dei fått spørsmål på denne måten om kva som motiverte dei for arbeidet, fortel Kopperstad.

Mykje å lære

Studien gjer ikkje krav på å generalisere og dermed karakterisere eigenskapar for gruppa som heiskap.

ned på negativt fokus

Audun Kopperstad trur intervjuobjekta i studien kan lære oss mykje om kva som er viktig i eit arbeidsmiljø.

– Eg trur likevel dei har mykje å lære oss om kva som er viktig i eit arbeidsmiljø, seier Kopperstad.

Studien er del av ein mastergrad i folkehelsevitenskap som han har teke ved universitetet NHV i Göteborg. Dette er ein anerkjend utdanningsinstitusjon for helsearbeidarar i heile Norden.

Det sentrale forskingsspørsmålet til Kopperstad er kva faktorar som påverkar kvinnelege sjukepleiarar til å vere yrkesaktive lenge. Svara til informantane kan grupperast i to hovudkategoriar. Den eine handlar om sterke indre drivkrefter som oppstår ved at den tilsette opplever at arbeidet er meningsfullt og utviklande. Den andre kategorien handlar om ytre faktorar som tilpassing mellom arbeid og privatliv, i tillegg til arbeidsmiljøfaktorar som leiarstøtte, rettleiing og tilstrekkelege ressursar.

– Det kan sjå ut som om desse to faktorgruppene står i eit samspel og påverkar kvarandre positivt, seier Kopperstad.


Arbeidsmiljø tel

Kopperstad fortel at dersom ein skal bruke funna i undersøkinga til å seie noko om eit større situasjonsbilete, kan ein seie at undersøkinga tyder på at ein ved gjennomføring av såkalla seniortiltak ikkje bør gløyme kor viktig arbeidsmiljøet er.

– Diskusjonane har lett for berre å handle om lønn og kortare arbeidstid. Studien min kan tyde på at andre faktorar er minst like viktige, i alle fall sett med auga til informantane mine, avsluttar Kopperstad.

Tekst og foto: Anbjørn Holme.





• Laboratorium • i Helse Sunnmøre

Laboratorium for medisinsk biokjemi i Ålesund starta eit samarbeid med Norsk Akkreditering i 2003. Mange år med arbeid resulterte nyleg i akkreditering av tre nye seksjonar ved laboratoriet.

– Akkrediteringa kan samanliknast med ISO-sertifiseringa til Det Norske Veritas, berre at ho er meir omfattande. Dette fordi det blir lagt stor vekt på at personalet har dokumentert kompetanse til å utføre arbeidet, seier kvalitetskonsulent Steinar Holmeset. Norsk Akkreditering (NA) er eit forvaltningsorgan under Nærings- og handelsdepartementet med ansvar for teknisk akkreditering. Akkrediteringa frå den frittstående instansen oppfyller gjeldande internasjonale standardar.

Grundig prosess

For å lukkast i arbeidet har dei tilsette på laboratoriet gjennomgått alle rutinane og arbeidsprosessane sine – ein prosess som i seg sjølv har vore svært nyttig.
– Vi har gått gjennom rutinar og forkasta det som ikkje har fungert. Mykje arbeid har

også gått med til å byggje opp eit overordna kvalitetssystem på avdelinga, seier konstituert avdelingssjef på laboratorieavdelinga Reidar Hide. Han framhevar særleg seksjonsleiarane som viktige pådrivarar i arbeidet.

Hide og Holmeset er varme talsmenn for det elektroniske kvalitetssystemet EQS.

– Ein stor fordel med EQS er at det blir oppdatert kontinuerleg. Prosedyren ein får opp på skjermen, er derfor alltid den aller siste versjonen. Utan EQS hadde vi aldri klart å oppnå akkrediteringa, seier dei to.


Tillitvekkjande

– Kva betyr det for avdelinga å bli akkreditert?
– Tanken er at vi no kan dokumentere kvaliteten på avdelinga overfor dei som bruker oss. Dette gjeld i hovudsak legar på sjukehuset og i

Konstituert avdelingssjef Reidar Hide, kvalitetskonsulent Steinar Holmeset og spesialist i klinisk biokjemi Lutz Schwettmann er svært nøgde med at avdelinga deira no er godkjend av Norsk Akkreditering.



Seksjonsleiarane Rigmor Søvik, Astrid Lied og Siw Berbu har vore viktige drivkreftar i arbeidet for å oppfylle akkrediteringskrava.



tildelt akkreditering

primærhelsetenesta. Det vekkjer tillit å kunne vise til eit kvalitetsstempel, seier Holmeset.

Avdelingssjef Svanhild Tranvåg, som no er ute i permisjon, og tidlegare overlege Kåre Michelsen tok initiativ til akkrediteringsarbeidet tidleg på 2000-talet. Blodbanken fekk si akkreditering i 2003. Sidan har NA komme på besøk ein gong i året for å kontrollere kor langt laboratoriet har komme i prosessen.

– Då Norsk Akkreditering kom til Ålesund i juni i år, søkte laboratoriet om akkreditering for 47 nye analysar. I september fekk vi beviset som godkjende desse analysane. Dette betyr at 85 % av alle utførte analysesar no er akkrediterte, seier Hide.

Målretta jobbing

Alle laboratoria i Helse Sunnmøre jobbar no målretta for å oppnå akkreditering. Dette gjeld både laboratorium for mikrobiologi i Ålesund og laboratorium for medisinsk biokjemi i Volda. I Volda er førsteprioriteringa å få akkreditering av blodbanken.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Kva er Norsk Akkreditering?

- Norsk Akkreditering er eit forvaltningsorgan under Nærings- og handelsdepartementet som er utpekt til å utføre teknisk akkreditering. Dette er det einaste organet i Norge som gjennomfører teknisk akkreditering. Organisasjonen er upartisk og uavhengig.
- Akkreditering er ei frivillig ordning organisasjonar søker for å bevisе kompetansen sin overfor kundar, etter krav frå styresmaktene eller seg sjølve.
- Akkrediteringa oppfyller gjeldande internasjonale standardar.
- Tre seksjonar ved laboratorium for medisinsk biokjemi i Ålesund blei nyleg akkreditert av Norsk Akkreditering.

Ny barneavdeling – endeleg i gang

Etter mange år med ventetid på ei ny barneavdeling i Helse Sunnmøre blei endeleg dei første spadetaka tekne i september. No startar det omfattande arbeidet med å organisere den nye avdelinga fram mot ferdigstillinga i februar 2011.



– Den nye barneavdelinga vil òg gi pasientar og pårørande eit betre tilbod. Tidlegare har ikkje sjukehuset klart å oppfylle forskriftene om at barn har krav på å ha ein eller begge føresette til stades på sjukehuset under opphaldet. Når den nye avdelinga står ferdig, kan vi tilby einarom med langt betre fasilitetar enn i dag til pasientane og dei pårørande, seier Økland.

Omfattande organiseringsarbeid

Samstundes påpeiker avdelingssjefen at den nye barneavdelinga vil gi utfordringar.

– Vi er ikkje i mål sjølv om bygginga er i gang. No startar arbeidet med organiseringa fram mot ferdigstillinga i februar 2011. Dette blir ein krevjande jobb fordi vi må arbeide med den nye avdelinga på ein annan måte enn tidlegare. Her skal vi ha inn alle barn som i dag ligg på ortopedisk, kirurgisk og ØNH-avdelinga, men vi veit ikkje kor mykje vi får med av pleie-ressursar, eller korleis dette skal organiserast, seier Økland.

Tekst: Kristine Gabrielsen,

Solveig Moe Frøland

Foto: Carina Giskejerde

Helse- og omsorgsminister Bjarne Håkon Hanssen vitja Ålesund sjukehus då byggestarten for ny barneavdeling blei markert.

Helse- og omsorgsminister Bjarne Håkon Hanssen markerte startskotet den 1. september då han starta ei gravemaskin på området der avdelinga skal stå. For første gong vitja Hanssen Ålesund sjukehus, men han har følgd prosjektet ny barneavdeling i Ålesund på fleire område heilt sidan 2001.

– Dette er ein hyggeleg dag i livet til ein helseminister, sa helseministeren smilande, som denne dagen fekk ei omvising på den noverande barneavdelinga av avdelingssjef Ove Økland og administrerande direktør Astrid J. Eidsvik.

Ein lang prosess

Men tida frå byrjinga av prosjektet til første spadetak kunne takast, har vore lang. Allereie tidleg i 90-åra blei det klart at ein prosess mot ei ny avdeling måtte starte, men ikkje før ti år seinare blei arbeidet konkretisert. Ved innføringa av helseføretaksreforma i 2002 hadde ikkje lenger prosjektet ein sikker plass på lista departementet

fører over byggjeprojekt. Med god motivasjon og ikkje minst støtte frå både administrasjon i HSM og politikarar og media fekk dei prosjektet på fote igjen fram mot arkitektkonkurransen i 2005. Dei to siste åra har grupper med tilsette i samarbeid med Helsebygg jobba med funksjonsplanlegging.

Betre arbeidstilhøve

Dei tilsette vil få betre arbeidstilhøve, men også større fysiske avstandar mellom avdelingane. Den viktigaste medisinske endringa vil vere moglegheit til å skjerme eller isolere pasientar med spesielle behov frå dei som ikkje har slike behov. Det vil òg komme spesialrom for rehabilitering, fullverdige luftsmitteisolat og eigen skjerna barnekreft-poliklinikk. Neonatal intensiv seksjon, som har hatt det trongast så langt, vil endeleg få plass og betre funksjonalitet slik at den er mellom dei beste slike seksjonar i landet. Viktig for dette er også eit eige rom for simulering av krevjande akutsituasjonar.

Barneavdelinga sjukehuset i Ålesund

- Prosjektlear Helsebygg Midt-Norge, arkitektfirmaet C.F. Møller Norge AS og rådgivande ingeniørfirma COWI AS har frå oktober 2008 til februar 2009 arbeidd med forprosjektet.
- Bygget vil få eit bruttoareal på 5357 kvm.
- Prosjektet har ei kostnadsramme på 259,2 millionar kroner.
- Bygginga blei starta 1. september.
- Prosjektet er planlagt å vere ferdigstilt 15. februar 2011.



Pressa møtte opp, her i samtale med Ove Økland som er avdelingssjef for barneavdelinga.



Eit typisk utemen

- Eg liker utelivet betre enn innelivet, seier bedriftssjukepleiar Jorunn Aandal. I arbeidet er ho ein pådrivar for å skape eit godt arbeidsmiljø i Helse Sunnmøre. Når ho har fri, er det fjellturar eller snikkararbeid som gjeld for den energiske langevågingen.

Heilt frå ho starta på sjukepleiarutdanninga i Molde i 1963, har Jorunn Aandal vore stornøgd med valet av yrke. Gjennom karrieren har ho nytta utdanninga si til fleire spennande utfordringar. Langevågingen har mellom anna arbeidd eitt år med infeksjonsmedisin på St Mary's Hospital i London og vore sjukepleiar på cruiseskip. I sistnemnde jobb var ho med på jordomsegling der ho vitja til saman 78 land.

- Eg synest det er ein fantastisk jobb å vere sjukepleiar, seier ho entusiastisk.

Konverterte til bedriftshelsetenesta

I 1983 begynte Aandal å arbeide ved sjukehuset i Ålesund. Her starta ho på neonatal intensiv seksjon samstundes med at ho jobba i flyambulansetenesta, frå ho starta opp i 1989. Sidan blei det ein periode ved intensivseksjonen for vaksne.

- I 1996 konverterte eg til bedriftshelsetenesta. Eg kallar det ei konvertering fordi karrieren min til då stort sett hadde dreidd seg om akuttmedisin som intensivsjukepleiar. Som bedriftssjukepleiar skulle eg no konsentrere meg om

førebyggjande arbeid, seier Aandal.

Ho trivst svært godt med utfordringane ho møter i stillinga – ikkje minst fordi ho har så gode medarbeidarar. Å vere bedriftssjukepleiar inneber for Aandal òg å vere leiar av bedriftshelsetenesta. Organisasjonseininga utgjer tre fulle stillingar fordelt på fire personar – to sjukepleiarar, ein ergoterapeut og ein fysioterapeut. Tidvis leiger dei inn lege og yrkeshygienikar. Bedriftshelsetenesta har ei upartisk rolle i organisasjonen.

- Det er ein spennande jobb og ein unik sjanse til å vere rådgivar både for

Namn:

Jorunn Aandal

Stilling:

bedriftssjukepleiar
i Helse Sunnmøre

Alder: 65 år

Aktuell:

leiar for vaksine-
utvalet ved Helse
Sunnmøre



neske

arbeidsgivar og arbeidstakar – utan å måtte ta parti. Det er svært viktig at arbeidet og rolla til bedriftshelsetenesta er kjend i heile organisasjonen, seier Aandal.

Vil vere ein pådrivar

Å ha bedriftshelseteneste er lovpålagt for eit helseføretak. Men det er ikkje påbode at ho skal gjelde for alle yrkesgrupper i føretaket. I Helse Sunnmøre har ein likevel bestemt at ho skal gjelde for alle arbeidstakarane. Bedriftshelsetenesta er involvert i fleire ulike typar prosjekt. Dei siste åra har dei mellom anna vore involverte i dei mange nybygga ved Helse Sunnmøre. Dette gjeld særleg fysioterapeuten og ergoterapeuten i bedriftshelsetenesta. Aandals arbeid som bedriftssjukepleiar handlar mellom anna om å jobbe med tilsette som slit med eit helseproblem, og tilrettelegging for tilsette som skal byrje i jobb igjen i løpet av eller etter ei sjukemelding. I tillegg utgjer arbeidet ei brei deltaking i organisasjonen i ymse prosjekt og

utval. Ho nemner prosjektet «Trapp opp trimmen – ikkje la forma gå i heisen» – ein årleg happening som går på å inspirere tilsette til å nytte trappa framfor å ta heisen.

– Som bedriftssjukepleiar er eg interessert i å jobbe for at organisasjonen skal leve opp til måla som er sette. Eg ønskjer å vere ein pådrivar for å bidra til dette, seier Aandal.

Godt medarbeidarskap

Eit av prosjekta Aandal har vore involvert i dei siste to åra, er prosjektet «Nærvær – arbeidsmiljø med grønn verdi». Prosjektet, som du også kan lese om på side 16 i denne utgåva av SunnMøring, omhandlar arbeidsmiljø. Målet er å gjere arbeidsplassen til ein stad dei tilsette ønskjer å vere – sjølv på dei dagane ein føler seg litt uvel og er i tvil om ein skal gå på jobb. Med andre ord ein helsefremjande arbeidsplass.

– *Kva inspirerer deg i arbeidet?*

– Eg har eit genuint ønske om å vere med å skape ein organisasjon der vi kan kjenne meir på vi-kjensla. For å få dette til er det sentralt å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø for alle tilsette. Men arbeidsmiljø må skapast. Det kan ikkje ordinerast eller befalast, seier Aandal. Ho understrekar at det er kvar enkelt sitt ansvar å skape eit godt miljø. – Eg brukar å seie at for å lukkast må ein ikkje berre ha godt leiarskap, men òg godt medarbeidarskap. Alle kan sjølv bestemme litt korleis dagen skal bli – ein har valet mellom å møte arbeidskvardagen med eit smil eller ikkje, det handlar om å ta kontroll over eiga åtferd.

Ein annan kjepphest for å få skape eit godt arbeidsmiljø er å vere bevisst på å snakke med og ikkje om kollegaene rundt ein. Aandal fortel at den årlege arbeidsmiljødagen snart står for døra. Dette er ein arena der ein samlast om arbeidsmiljøet. Dagen har både fagleg innhald og samvær med kaffi og noko attåt i kantine.

– *Kva trur du er viktig for å halde oppe entusiasmen i arbeidskvardagen?*

– For meg har det vore viktig å byte beite frå tid til annan – få nye utfordringar. Dette trur eg kan vere med å hindre at ein slit seg fullstendig ut. Ein gong i karrieren har eg følt at eg var i ferd med å bli utbrend. I denne situasjonen valde eg å prøve meg på nye arbeidsoppgåver i ein annan type stilling,

seier Aandal. Vi må ha som mål at arbeidsplassen skal vere ein helsefremjande stad å vere – og vi må sjølv bidra ved å gjere eigne val.

Ansvar for vaksinasjon

Aandal har òg eit verv som i desse svineinfluensasatider er ekstra aktuelt. Ho er nemleg leiar i vaksineutvalet i Helse Sunnmøre.

Bedriftshelsetenesta i Helse Sunnmøre har tradisjon for å ha ei sentral rolle i vaksineringsarbeidet.

– Det unike med systemet i Helse Sunnmøre er at vi har opparbeidd eit nettverk av vaksinekontaktar i føretaket. Dette er helsepersonell som er opplærte i å gjennomføre vaksinasjonar. Vaksinekontaktane er ansvarlege for vaksineringsarbeidet på sin post, seier Aandal. Ho presiserer at i tillegg til å vere nyttig i det daglege vaksinasjonsarbeidet, der dei gjer ein framifrå jobb, vil det vere ein stor fordel ved større vaksinasjonsprosjekt som for eksempel i samband med svineinfluensaen.

Ute best

Når Aandal er heime i Langevåg og har fri, er det slett ikkje i TV-stolen du finn ho.

– Eg er eit typisk utemenneske. Viss eg ikkje får vere ute i løpet av ein dag, har eg det ikkje særleg bra. Eg elsker å gå på fjellturar og å vere ute i skog og mark – uansett vær, seier Aandal som gler seg stort til vinteren når ho kan gå skiturar.

– *Kva er favorittfjellet ditt?*

– Eg har vore på mange flotte turar i Tafjordfjella og i Hjørundfjorden, men favorittfjellet mitt er heilt klart Sulafjellet. Det ligg trass alt så nært der eg bur at eg kan bestemme meg på timen om eg skal ta ein tur dit opp.

Forutan turar i bratte fjellsider, bruker Jorunn og mannen Eldbjørn mykje av fritida si på ein annan form for utandørsaktivitet. Dei siste ti åra har dei saman gjort ei rekkje rehabiliteringsprosjekt. Det begynte med at dei i 1999 pussa opp ei hytte som tilhørde familien. Seinare har dei bygd opp eit naust med rorbuloft og fiksa opp Jorunn sin barndomsheim – eit hus som er over hundre år gammalt.

– Dette har blitt ein hobby for oss. Vi er eit kjempegodt team med eit godt arbeidsmiljø, ler Aandal.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Arbeidet som bedriftssjukepleiar inneber mykje innesitjing. På fritida er Jorunn ute så mykje ho kan.





● Skal betre legemiddel- ● handtering i Helse Sunnmøre

Feil i legemiddelhandteringa utgjer ein stor del av uheldige hendingar i sjukehusa som blir melde via avvikssystema. Helse Sunnmøre satsar stort på å forbetre situasjonen og har no sett i verk prosjektet Riktig legemiddelbruk.

– Riktig legemiddelbruk er ei sak Helse Sunnmøre tek svært alvorleg. Det angår alle pasientar og avdelingar i føretaket. Feilmedisinering kan vere årsak til svært store lidingar og kan ikkje minst setje pasientane i stor fare, seier prosjektkoordinator Ingebjørg Knutsen.

Konkrete tiltak vedtekne

Knutsen viser til tre viktige tiltak som er vedtekne for å betre legemiddelhandteringa. For det første skal ein innarbeide den nye legemiddelhandteringsforskrifta frå 2008. I Helse Midt-Norge sine retningslinjer blir det no stilt krav til rutinar for opptak av legemiddelanamnese og for overføring av informasjon ved utskriving. Det andre tiltaket inneber at sjukehusapoteket

i Ålesund ønskjer å tilby farmasøytiske tenester i avdelingane. Dette skal mellom anna kvalitetssikre legemiddelanamnesen, legemiddelgjennomgangar og kurvegjennomgangar ved innlegging i tillegg til utskrivingssamtalar med pasientar.

– Samarbeidet og utvekslinga av kunnskap med sjukehusapoteket ser vi som svært positivt. På somme avdelingar er det komme i gang ordningar der farmasøytar er med på legemøta og hjelper helsepersonell med medisinar, seier Knutsen.

Det tredje tiltaket gjeld forbetring av legemiddelhandteringsrutinane gjennom det elektroniske verktøyet KMF – eit verktøy som

inkluderer opplysningar om kurve, medisin og forordning i den elektroniske pasientjournalen. Prosjektet Riktig legemiddelbruk følgjer same tidsplan som KMF-prosjektet.

Kartleggingsmøte

Den 25. september gjekk startskotet for Riktig legemiddelbruk-prosjektet. Legar, sjukepleiarar, farmasøytar i tillegg til representantar frå leiinga og brukarutvalet var då samla for å kartleggje prosessen rundt legemiddelbruk.

– For å gjere dette gjekk vi fram på same måten som i pasientflytprosjektet. På eit langt lerret av gråpapir teikna vi inn kvart ledd i legemiddelprosessen. På denne måten fekk vi eit

◀ **Prosjektkoordinator Ingebjørg Knutsen har stor tru på at ein skal klare å lage eit system der legemiddel blir handtert betre.**

visualisert bilete av korleis situasjonen er i dag, og kvar det kan vere hensiktsmessig å gjere endringar, seier Knutsen.

På kartleggingsmøtet kom det fram at dei største utfordringane handlar om å sikre riktig informasjon i innkøpstjournalane i tillegg til å få samhandlinga til å fungere med kommunehelsetenesta. Ei utfordring er mellom anna at kommunehelsetenesta ikkje får oppdatert informasjon raskt nok.

Implementering i 2010

Etter seminaret blei det oppretta arbeidsgrupper som skal utarbeide forslag til nye rutinar og ny praksis når det gjeld legemiddelbruk. Implementering av rutinane skal skje allereie våren 2010.

- Det er viktig at avgjerslene blir tekne av dei som til dagleg arbeider med legemiddelbruken og kjenner problematikken. For at systemet skal fungere, må dei tilsette føle eigarskap til det. I tillegg er det sentralt at systemet og implementeringa er forankra i føretaksleiinga, seier Knutsen.

At helsepersonell er svært nøye med å gjere eit godt intervju med pasientane om legemiddel, trur ho er sentralt for å lukkast. I tillegg er det viktig med ei god samhandling mellom kommunehelsetenesta og sjukehuset.

- Eg har stor tru på at vi skal lage eit nytt system som vil fungere. Vi har mange flinke folk som kjenner igjen problema og føler behov for å gjere noko med situasjonen, avsluttar Knutsen.

Tekst of foto: Anbjørn Holme



Opning av MR i Volda

Etter funksjonelle ombyggingar og innkjøp av ny MR-maskin har Volda sjukehus no topp moderne utstyr. Tysdag 29. september var det offisiell opning.



Adm.dir. Astrid J. Eidsvik overrekkjer blomar til seksjonsleiar/overlege Sverre Sundalsfoll

- No har vi diagnostikk som vi kan slå oss sjølv på brystet av, og dette er bra, smiler ein nøgd seksjonsleiar under den offisielle opninga av MR ved Volda sjukehus tysdag 29. september. Seksjonsleiar/overlege Sverre Sundalsfoll understrekar at folket på Søre Sunnmøre vil nytte godt av investeringa Helse Sunnmøre har prioritert.

Både kommunane på Sunnmøre og Helse Sunnmøre har venta lenge på MR ved Volda sjukehus. Prosessen starta alt i 2002, men grunna lite investeringsmidlar er det først no at tilbodet er på plass. Av ei investeringsramme på 26 millionar kroner for Helse Sunnmøre i 2009 er 14,5 millionar kroner lagde av til opprusting av laboratorium og MR ved røntgenseksjonen, Volda sjukehus. Røntgenseksjonen er ein del av radiologisk avdeling ved Helse Sunnmøre, med einingar både i Volda og i Ålesund. Seksjonen ved Ålesund sjukehus har hatt MR sidan 1996, og sjukehusa samarbeider godt om fagkunnskapane.

MR er eit viktig verktøy for å finne ut kva som feiler pasientane, og dermed har det ikkje berre vore røntgenseksjonen som har hatt eit sterkt ønske om å få på plass MR ved Volda sjukehus.

- Vi skal ha eit godt lokalsjukehus i Volda. Og denne dagen er med på å markere dette. Det er ei bevisst satsing på Volda sjukehus, sa administrerande direktør Astrid J. Eidsvik under opninga.

**Tekst: Carina Giskegjerde, Anbjørn Holme
Foto: Carina Giskegjerde**



● ● ● Pårørende som ressurs

Dialogen mellom sjukehuset og pårørende til pasientar med psykiske lidingar har lenge vore eit vanskeleg område å få til å fungere. Ein konferanse i Volda 1. oktober handla om korleis pårørende kan sjåast på som ressurspersonar innan psykisk helsevern.

- I dei årlege brukarundersøkingane våre har vi skåra dårleg når det gjeld opplevinga brukarane har av samarbeidet mellom sjukehuset og dei pårørende. Målet med konferansen er å rette søkjelyset mot dei pårørende og korleis vi kan betre dialogen med desse, seier Aud Solheim. Ho er leiar ved Volda DPS og initiativtakar til pårørandekonferansen.

Ønskjer felles forståing

Helsevesenet hadde lenge tradisjon for ikkje å involvere pårørende til pasientar med psykiske lidingar. Dette er ikkje det gjeldande synet i dag, sjølv om ein endå kan sjå spor etter ein slik tankegang.

- Vi håper at konferansen skal vere med å opparbeide ei felles forståing av korleis dei pårørende kan sjåast på som ein ressurs, poengterer ho.

Ny rettleiar

Helsedirektoratet har nyleg utarbeidd ei rettleiing som nettopp tek føre seg samarbeidet med pårørende innan psykiske helsetenester. På konferansen hadde seniorrådgivar Ann Nordal frå Helsedirektoratet eit innlegg der ho fortalde om denne.

- Rettleiinga er utarbeidd for at helsepersonell betre skal kunne ta vare på dei pårørende enn dei klarer i dag. Det er viktig at dei pårørende blir sett på som ein ressurs. Mellom anna fordi dette



Aud Solheim er svært godt nøgd med det gode oppmøtet på konferansen i Volda 1.oktober.



faktisk er med på å gi betre behandlingresultat, seier Nordal. Ho legg til at ein må få ein stoppar for at teieplikt blir brukt som eit argument for å halde pårørande ute. Fleire undersøkingar viser at helsetenesta ikkje bruker pårørande som ressurs, og at omsorgsoppgåvene kan bli så utfordrande at dei pårørande sjølve blir sjuke.

– Grunnprinsippet må vere at det ikkje er god praksis å utelate dei pårørande. Dei skal heller brukast som ein ressurs og ei kunnskapskjelde for behandlarane. Rettleiinga er utforma slik at ho skal vere eit praktisk hjelpemiddel, seier Nordal. Målgruppa for rettleiinga er i hovudsak verksemdsleiarar, helsepersonell og tenesteytarar innan psykiske helsetenester i primær- og spesialisthelsetenesta.

Stor oppslutnad

Konferansen i Volda var eit samarbeidsprosjekt mellom Volda distriktpsikiatriske senter (DPS) som er ein seksjon under Vaksenpsikiatrisk avdeling i Helse Sunnmøre (HSM), samt og Lærings- og meistringssenteret i HSM og

Høgskulen i Volda. Omkring 120 personar frå Helse Sunnmøre, kommunane på Søre Sunnmøre og Høgskulen i Volda var til stades.

I tillegg til Nordal var det fleire representantar for både pårørande og frå det psykiatriske helsepersonellet som hadde innlegg. Dette var med å gi eit overblikk over korleis samarbeidet fungerer i dag, og utfordringane ein står overfor.

– Vi er svært godt nøgde med seminaret. I tida som kjem, vil vi saman med Lærings- og meistringssenteret invitere brukarane for å sjå nærare på tilbodet til dei pårørande. Her skal vi finne ut korleis vi kan betre dialogen og samarbeidet, seier Solheim.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Fakta:

- Samarbeidet mellom helsetenesta og dei pårørande er kjent som eit problematisk felt. Helsedirektoratet publiserte nyleg rettleiinga «Pårørande – en ressurs» som tek for seg samarbeidet med pårørande innan psykiske helsetenester.
- Rettleiinga er meint som eit praktisk hjelpemiddel. Ho tek utgangspunkt i at den enkelte pårørande har ulike roller, både overfor den sjuke og overfor helsevesenet.
- Rettleiinga både anerkjenner pårørande som ein ressurs og gir samtidig ei påminning om at pårørande har behov for støtte.



Gode opplevingar i Geiranger

- Ei vakker reise
- Kongressavdeling (2-500)
- Romslege salongar
- Gratis trådløst internett
- Aktivitetar
- Lokale smaksopplevingar
- Union Bad & Spa
- Spesialpris inngang
Union Spa kr. 175,- pr. dag.

tel: + 47 70 26 83 00
www.hotel-union.no


Hauptpriser frå kr.
p.p. i doble rom inkl. halvpensjon

820,- pr. døgn.

Konferansepakke frå kr.
p.p. i enkeltrom med full pensjon

1185,- pr. døgn.


HOTEL UNION™



BJORLI
www.bjorliheimen.no



- Utleie av 5 møblerte leiligheter på Bjorlitunet - 8 til 20 senger
- Hotellrom
- Rimelige familierom
- Caravanplasser
- Ny 10 manns hytte til utleie

Velkommen til hele familien!

Kontakt Bjorliheimen

tlf. 61 24 55 61 / 926 17 973 - fax 61 24 55 54

e-post: jelehre@online.no / post@bjorliheimen.no

TOLKING

Tolkebestilling:

Tlf. 75 54 22 00 / 815 35 500

DØGNVAKT

NORICOM® NORD AS

Lokalkontor Ålesund

Tlf. 70 13 03 60 / 75 54 22 16

TOLKING - TILSTEDE OG TELEFON



Redaktør/ kommunikasjonssjef:

Solveig Moe Frøland
70 10 68 10 /
92 20 80 89
solveig.moe.froland@
helse-sunnmore.no



Prosjektleder/ journalist:

Anbjørn Holme
41 51 11 31

anbjorn.holme@cox.no



Annonse- konsulent:

Inghild Tillung
55 54 08 22

inghild.tillung@cox.no

Små endringar i talet på ventande til behandling i Helse Sunnmøre

I helseregionen er det ein auke i talet på ventande sidan før sommaren. Dette er ei utvikling som er vanlig og forventa, og er ei følgje av ferieavvikling. Dette ser vi også i talla for Helse Sunnmøre. I utgang av august var det totalt 8304 personar som venta på behandling, mot 7835 i utgangen av april.

Same tendens er det i talet på dei som har venta i over 120 dagar. Til samanlikning, så er det færre som ventar på behandling no enn på same tid i fjor. Talet på personar som har venta i over 1 år er aukande.

Den gjennomsnittlege ventetida har auka i Helse Sunnmøre. Den var i månads-skiftet august/ september 122 dagar, mot 105 i april. Talet på ventande til psykiatrisk behandling er stabile. Det er ein auke i talet på dei som må vente over 90 dagar.

Ved Volda sjukehus er det ein nedgang i talet på ventande til behandling innanfor fagområdet hjertesjukdomar. Det er ein liten auke i talet på ventande til behandling for generell kirurgi, lungesjukdomar og kvinnesjukdomar. Elles så er det små endringar innanfor dei andre fagområda.

Ved Ålesund sjukehus er det ein liten nedgang i talet på ventande til behandling i fagområda; Øyre-nase-hals sjukdomar og augesjukdomar. Det er noko fleire ventande til behandling til fagområda karkirurgi, urologi, fordøyingssjukdomar og hjertesjukdomar. Utover dette, er det små endringar.

Tekst: Geir Vikestrand

NYTILSETTINGAR I HELSE SUNNMØRE

Liste over nytilsette i faste stillingar

Øyvind Alexandersen
Assistent ved hovudkjøkkenet. Ser-
viceavdelinga. Ålesund sjukehus.
Byrja 01.09.09

Marita Ireen Drønne Austdal
Saksbehandlar/reiseplanleggjar ved
Kontoret for pasientreiser, enkelttop-
pgjør. Økonomiavdelinga. Helse-
Sunnmøre. Ålesund sjukehus.
Byrja 11.09.09

Kristine Bakken
Sjukepleiar ved felles sengpost fysikal-
sk medisin/slag/geriatri. Avdeling for
fysikalsk medisin og rehabilitering.
Ålesund sjukehus.
Byrja 17.08.09

Elisabeth Blindheim
Konsulent (Kodekvalitet og analyse)
ved Fagavdelinga. Ålesund sjukehus.
Byrja 10.08.09

Hanne Bentsen
Avdelingssjukepleiar ved Hemodi-
alyseseksjonen – Medisinsk avdeling.
Ålesund sjukehus.
Byrja 12.10.09

Camilla Brungot
Sjukepleiar ved Kirurgisk avdeling –
Kirurgisk avdeling, Volda sjukehus
Byrja 01.09.09

Wivi-Ann Digernes
Saksbehandlar/reiseplanleggjar ved
Kontoret for pasientreiser, enkelttop-
pgjør. Økonomiavdelinga. Helse Sun-
nmøre. Ålesund sjukehus.
Byrja 11.09.09

Anne Grete Nes Djupvik
Spesialpedagog ved Seksjon for
habilitering – Barn. Barneavdelinga.
Ålesund sjukehus.
Byrja i fast st. 01.08.09

Berit Susan Engeset
Sjukepleiar ved Medisinsk post 6/
revmatologi. Medisinsk avdeling.
Ålesund sjukehus.
Byrja i fast st. 01.09.09

Jonette Engeset
Sjukepleiar ved felles sengpost fysikal-
sk medisin/slag/geriatri. Avdeling for
fysikalsk medisin og rehabilitering.
Ålesund sjukehus.
Byrja 17.08.09

Bente Ramstad Fet
Jordmor ved Føde-/barsel. Kvin-
neklivnikken. Ålesund sjukehus.
Byrja 01.09.09

Elisabeth Flisnes
Sjukepleiar ved Medisinsk senge-
post 2. Medisinsk avdeling. Ålesund
sjukehus.
Byrja 12.10.09

Ann Christin Myklebust Flem
Saksbehandlar/reiseplanleggjar ved
Kontoret for pasientreiser, enkelttop-
pgjør. Økonomiavdelinga. Helse Sun-
nmøre. Ålesund sjukehus.
Byrja 11.09.09

Elin Sandanger Haugen
Onkologisk sjukepleiar ved Palliativt
team Volda – Kreftavdelinga, Volda
sjukehus
Byrja 28.09.09

Aud Merete Hatlehol
Sekretær ved Barne- og ungdom-
spsykiatrisk poliklinikk(BUP) – Psykisk
helsevern for barn og unge. Ålesund
sjukehus.
Byrja 28.09.09

Anne-Lise Hurlen
Assistent ved Sentrallageret. Inn-
kjøpsseksjonen. Ålesund sjukehus.
Byrja i fast st. 18.08.09

Marte Husøy
Ergoterapeut ved Mork rehabiliter-
ingssenter – Medisinsk avdeling, Volda
sjukehus
Byrja 24.08.09

Britt Juvkam
Avdelingssjukepleiar spesialavdeling
ved Mottaking/AMK – Akuttavdel-
inga, Volda sjukehus
Byrja 01.09.09

Linda Kvernland
Konsulent (Kodekvalitet og analyse)
ved Fagavdelinga. Ålesund sjukehus.
Byrja 10.08.09

Henrikke Skaar Klokkehaug
Audiograf ved Hørselsentralen –
Øyre-nase-hals-avdelinga Ålesund
sjukehus.
Byrja 14.09.09

Ann-Karin Myklebust Knudsen
Ergoterapeut I ved Alderspsykiatrisk
seksjon. Vaksenpsykiatrisk avdeling.
Ålesund sjukehus.
Byrja 04.08.09

Marius Lindseth
Psykolog ved Psykiatrisk poliklinikk –
Vaksenpsykiatrisk avdeling. Ålesund
sjukehus.
Byrja 06.10.09

Kirsti Schevik Larsen
Senior saksbehandlar ved Kontoret
for pasientreiser, enkeltopp-
pgjør. Økonomiavdelinga. Helse Sun-
nmøre. Ålesund sjukehus.
Byrja 07.09.09

Lill Heidi Maude
Sekretær ved Subakuttseksjon –
Vaksenpsykiatrisk avdeling. Ålesund
sjukehus.
Byrja i fast st. 21.09.09

Astrid Synnøve Molnes
Kontorleiar og Preparant ved Avdeling
for Patologi. Ålesund sjukehus.
Byrja 10.08.09

Anette Flaten Molvær
Sekretær ved Alderspsykiatrisk seksjon
– Vaksenpsykiatrisk avdeling. Ålesund
sjukehus.
Byrja 01.09.09

Berit Nygaard
Psykolog ved BUP Volda – Barne- og
ungdomspsykiatrisk avdeling, Volda
sjukehus
Byrja 18.08.09

Nanette Skodje Olsen
Sjukepleiar ved Medisinsk post 6/
revmatologi. Medisinsk avdeling.
Ålesund sjukehus.
Byrja 01.09.09

Sven Olsen
Assistent ved Forsterka rehabiliter-
ingsseksjon – Vaksenpsykiatrisk avdel-
ing. Ålesund sjukehus.
Byrja 01.08.09

Mona Therese Helen Pilskog
Saksbehandlar/reiseplanleggjar ved
Kontoret for pasientreiser, enkelttop-
pgjør. Økonomiavdelinga. Helse Sun-
nmøre. Ålesund sjukehus.
Byrja 11.09.09

Somjai Roset
Assistent ved hovudkjøkkenet. Ser-
viceavdelinga. Ålesund sjukehus.
Byrja 01.09.09

Doris Claudia Ruud
Controller ved Økonomiavdelinga.
Helse Sunnmøre. Ålesund sjukehus.
Byrja 01.08.09

Åse Therese Skinnes
Sjukepleiar ved Kirurgisk avdeling –
Kirurgisk avdeling, Volda sjukehus
Byrja 01.09.09

Torgeir Schjelderup
Operasjonssjukepleiar ved Operasjon-
savdelinga – Akuttavdelinga, Volda
sjukehus
Byrja 01.09.09

Gunn-Jorunn Røren Sundgot
Saksbehandlar/reiseplanleggjar ved
Kontoret for pasientreiser, enkelttop-
pgjør. Økonomiavdelinga. Helse Sun-
nmøre. Ålesund sjukehus.
Byrja 11.09.09

Inger Anne Søbstad
Saksbehandlar/reiseplanleggjar ved
Kontoret for pasientreiser, enkelttop-
pgjør. Økonomiavdelinga. Helse Sun-
nmøre. Ålesund sjukehus.
Byrja 11.09.09

Anita Tilseth
Overbioingeniør ved Lab for medisinsk
biokjemi, Laboratorieavdelinga –
Volda sjukehus
Byrja 01.09.09



Merethe Blindheim og Kjell Brunstad har jobba i lag med dei tilsette om nærværprosjektet på kreftavdelinga.

○ Raud verdi

Er ein reagerande arbeidsplass
- som set inn tiltak når noko har gått gale
- som tyr til «brannsløkking» og vel kortsiktige løysingar

● Gul verdi

Er ein førebyggjande arbeidsplass
- som identifiserer, vurderer og fjernar risiko
- som arbeider førebyggjande

● Grøn verdi

Er ein helsefremjande arbeidsplass
- som legg vekt på det som fungerer
- som har felles verdigrunnlag som skaper samhold og stoltheit
- som har medarbeidarar som er opptekne av å vere høflege og hyggjelege
- som har medarbeidarar der den enkelte er med på å skape eit helsefremjande arbeidsmiljø med nærvær og fellesskap
- som har takhøgde og viser respekt for kvarandre på tvers av yrkesgrupper
- som skaper begeistring og fremjar helse

Mindre fråværet og «grønare» kvardag

Kreftavdelinga i Helse Sunnmøre har i løpet av det siste året redusert arbeidsfråværet med 12 prosent. Suksessen skuldast i stor grad ei vellukka gjennomføring av arbeidsmiljøprosjektet «Nærvær – arbeidsmiljø med grøn verdi».

Det er bedriftshelsetenesta i Helse sunnmøre som står bak prosjektet «Nærvær – arbeidsmiljø med grøn verdi» – ein reiskap for å måle og rette søkjelyset mot helsefremjande arbeidsplassar.

Nærværsfaktorar

– Tilnærminga er å bevisstgjere den enkelte tilsette gjennom prosessarbeid der ein ser på ulike faktorar knytte opp mot kva som skal til for å auke arbeidsnærværet, seier Kjell Brunstad, avdelingssjufkleiar ved kreftavdelinga. Det er òg viktig å synleggjere kva for faktorar som betyr noko for den enkelte tilsette og for seksjonen eller sengeposten, seier Brunstad. Prosjektet blei sett i gang på vårparten i 2007. Ein såg då at avdelinga hadde til dels store utfordringar med omsyn til auka fråværet blant dei tilsette. Fråværet låg på mellom 16 og 17 prosent, og sjølv om fråværet skuldast fleire faktorar, var det grunn til å tru at det òg hang saman med arbeidsmiljøet på avdelinga.

– Vi visste at belastninga på dei tilsette var stor, og at det var blitt ein god del slitasje på den enkelte. Derfor fann vi det naudsynt å setje i gang tiltak for betre situasjonen, seier Brunstad.

Dei fekk hjelp frå Jorunn Aandal, leiar for bedriftshelsetenesta til å starte nærværprosjektet. Saman med verneombod Merethe Blindheim la dei opp eit løp for gjennomføring av prosjektet i lag med dei andre tilsette på avdelinga.

Lagarbeid

– Vi bestemte at alle som jobbar på sengeposten, skulle vere med i prosjektet. På denne måten opna vi for at alle kunne få seie si meining og komme med konstruktive forslag til korleis vi kan få ein betre kvardag. Det er viktig å få vere med å forme sin eigen kvardag. Eg trur òg at dette er ei viktig årsak til at prosjektet har blitt så vellukka for oss, seier Blindheim.

Ein av dei første tinga dei gjorde, var å kartleggje det som i prosjektet er kalla nærværsfaktorar. Det vil seie ulike situasjonar og/eller rutinar som er med på å prege arbeidskvardagen til dei tilsette på godt og vondt.

– Vi tok alle forslag med, og så stemde vi fram dei tre faktorane som vi meinte burde få ekstra merksemd. Dei tre faktorane var det vi kallar kompetansemeistring, støtte, respekt og tilbakemelding – her la vi òg til at vi skulle bli flinkare til å snakke med og ikkje om kvarandre som ein del av det å bli sett og å verdsetje andre, fortel Merethe Blindheim.

Krevjande jobb

Dei tilsette jobba så vidare med dei tre faktorane i grupper for å konkretisere kva tiltak som måtte til for at desse nærværsfaktorane skulle bli ein del av den «nye» kvardagen deira.

– Mykje av det går på ting som at ein forsøker å leggje betre til rette for kvarandre slik at om nokon treng ekstra tilrettelegging i form av endra arbeidsoppgåver eller turnus i ein periode, så skal alle gjere sitt for at det kan gjennomførast. Vi har òg blitt flinkare til å jobbe i team. Vi har jo mange faggrupper å dra nytte av. I tillegg til legar har vi òg fysioterapeut, ernæringsfysiolog og spsjalsjufkleiarar som vi kan samarbeide med. Vi arbeider med alvorleg sjuke menneske – dette set store krav til oss og pleia vi tilbyr. Eg ser at det gjer godt å kunne få hjelp av andre fagpersonar i krevjande situasjonar. Dette er òg med på å styrkje samholdet på avdelinga, fortel Blindheim.

Auka arbeidsglede

Ho seier at ho i dag kjenner større arbeidsglede, og at ho er stolt over jobben dei gjer.

– Vi arbeider med veldig sjuke folk. Eg tenkjer at vi gjer ein viktig jobb, og at innhaldet i kvardagen er meningsfullt. Det trur eg mange på avdelinga vår er einige om, seier Blindheim.

Dei er òg blitt flinkare til å leggje til rette for faglege seminar og sosiale tilstellingar. Dette er òg eit viktig bidrag for å auke nærværet.

– Fagleg påfyll er viktig for å kjenne meistring i jobben. Dei sosiale tilstellingane vi har hatt, har òg vore bra for miljøet på jobb, seier Blindheim.

Tekst: Janne Beate Duke